



SAGRUSTEN – SKREPPHOLET

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Nedre Sagrusten i Nordheradsalmenninga blir også kalla Skreppholet og vart skyldsett som gnr. 94 bnr. 1 i 1861. Dei fyrste som er nemnde i Skræpholet er Knut Pedersen d.y. Skultbakken, i 1852 var han og familien i Skreppholet medan dei var i Skultbakken både i 1850 og 1854.

I 1865 blir Ole Nilsen 1826-1911 nemnd som forpaktar i Sagrusten, men i 1875 er han nemnd som sjølveigar. I 1878 brukar han Sagrusten med hjemmel i festeseddel på åremål frå 1867, og til og med 1895 er Ole Nilsen nemnd med skatt for Sagrusten. Ole var frå Moen under Lye og vart i 1848 gift med Guri Jakobsdotter frå Jakobstugun 1818-1899, dei budde truleg hjå dottera i Trælviken etter dei vart gamle og Ole Nilsen er nemnd der i 1900. Ole og Guri hadde barna

John 1846-1927

Anne 1852-1937, gift 1889 med Jo Grev 1830-1907, dei overtok Trælviken

Guri f. 1857

Dei to eldste var truleg fødde medan dei budde i Jakobstugun, medan Sagstuen er oppgjeve som buplass i 1857. Truleg er Sagstuen det same som Sagrusten.

John vart i 1869 gift med Ragnhild Johnsdotter Sønstlien 1838-1919. I 1870 og 1876 budde dei i Sagrusten, i 1872 på Næbneshaugen

medan dei i alle fall frå 1880 var ved Valdeøy garden. John og Ragnhild hadde barna

Ole f. 1870

Guri f. 1872, gift 1895 med Peder Arnesen Braaten, i Bjørkheim

Ragnhild f. 1876

John f. 1880, til Amerika

Folketellinga 1900 nemner ikkje Sagrusten, det budde såleis ikkje folk der da. Etter dette var Jo Einstulen og kjerringa Mari i Sagrusten. John Olsen Einstulen 1849-1933 fekk fogdens festeseddel på åremål i 1907 med 8 kroner i årleg avgift, ved barnefødsel i 1904 er Skræphullet oppgjeve som bustad. John vart i 1877 gift med Mari Hansdotter Høiberg 1857-1939 frå Sel eller Gausdal. Dei budde tidlegare i Einstulen, Sandnesulen og Sandneshagen. Etter at barna flytte ut, var Jo og Mari att einslege i Sagrusten til sist i 1920-åra. Jo vart nesten blind og dei budde til slutt på megarde Storvik. Barna var

Guri f. 1878, død før 1933

Iver f. 1885

Anne f. 1888, død før 1933

Ole f. 1891, i Oslo

Jon 1895-1908 drukna

Knut f. 1898, i Oslo

Mathias f. 1901, i Oslo

Johan f. 1904

Hans, Hesthagen

I 1932 fekk Henrik H Resvold festekontrakt frå skogforvalteren i Nord-Gudbrandsdal mot årsavgift kr 5,-, familien budde der før dei kom til nedre Kleiven, og dei dreiv seinare jorda saman med Kleiven. Men i 1937 var familien i midtre Vetlesæter i Lom.

Skreppholet er like nord for Dipra, hustomtene er heilt borte i vegbygginga fyrst på 1960-talet.

I 1875 var det i Sagrusten 1 ku, 4 sauer og 7 geit, medan dei sådde ½ tønne bygg, litt rug og ½ tønne poteter.

Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, s. 112

Folketelling 1865, 1875

Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning 1882

Panteregister/grunnbok

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Anna Randen: munnleg fortalt